

Innspel til budsjett og økonomiplan fra Tekna og AFAG, 30.11.20

Innspel til kutt i Plan og analyse

Den økonomiske situasjonen som Alver kommune no er i, understreker viktigheten av sektor samfunnsutvikling – at kommunen har eit langsiktig perspektiv på at større investeringsprosjekt blir sett i ein større samanheng.

Reduksjon i budsjett har konsekvensar for kapasitet og leveringsevne på Plan og analyse.

Planstrategien må oppdaterast i samsvar med tilgjengelige ressursar. Dersom det vert færre tilsette og kutt i budsjett for ekstern konsulentbruk må og oppgåvene som skal løysast reduserast. Reduksjon i talet på tilsette vil vere negativt for fagmiljøet og kvalitet på planer og analyser som skal leverast frå tenesteområde til organisasjonen.

Det bør gjerast ein kompetansekartlegging i tenesteområde og lagast ein strategi for kva oppgåver plan og analyse skal vera i stand til å handsama. Kva oppgåver kan me løyse internt og kvar er det behov for ekstern konsulentbistand?

Generelle kommentarer:

Ved nedskjering i administrasjonen risikerer vi at dei tilsette vert urolige for jobbane sine og ser etter andre jobbar. Det er fare for å miste verdifull kompetanse, då våre medlemmer er attraktive i arbeidsmarketet. Lønnsforskjellar etter kommunesamanslåinga gjer denne utfordringa endå meir prekær, vi saknar konkrete tiltak for lønsharmonisering.

I den krevande budsjettprosessen ein no er inne i er det uheldig at det blir nedskjeringar på kurs og kompetansebudsjettet. I ein situasjon der tilsette kanskje må løyse nye og ukjente arbeidsoppgåver er det naudsynt at dei tilsette får kursing i nye arbeidsoppgåver og får halde seg fagleg oppdatert for å utføre jobben best mogleg.

Vi saknar meir informasjon om budsjettprosessen mellom anna på intranett.

Det er ønskjeleg at dei tillitsvalgte er sterkt kobla på prosessen vidare.